

**Masfjorden kommune**  
Byggesak

**F01**

Eikangervåg, 22/09-2021

## **Følgerev / redegjøreelse byggesøknad gbnr. 18/102 - Duesund**

### **Tiltaket**

Det vert søkt om oppføring av hytte som vist på vedlagte teikningar og situasjonsplan.

Eigedomen ligg på Duesundøy og er omfatta av reguleringsplanen for området. Den er i dag ubebygd.

Søknaden omfattar også nødvendige støttemurar, avkjøring / internveg, parkering på tomten samt etablering av VA for påkobling på eksisterande fellesanlegg. Søknad om tilkopling kjem direkte frå Hjelmås VVS.

### **Nabotilhøve / merknader**

Tiltaket er nabovarsla etter reglane i plan- og bygningsloven. Det er ikkje mottatt merknader i saka.

### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket er etter vår vurdering prosjektert og teikna med gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i forhold til sin funksjon. Tiltaket er teikna i ein tradisjonell stil og passar godt inn i omgjevnaden. Det har etter vår vurdering ei god utforming i forhold til både plassering, bygde og naturlege omgjevnader.

### **Plassering**

Plassering er vist i vedlagte situasjonsplan D01 med tilhøyrande terrengsnitt i D02.

OK golv ligg på +22m medan topp møne er på +27,5m. Mønehøgd målt frå planert terreng er 6 meter. Bygningen er plassert innanfor byggegrense / 4 metersgrense mot naboeigedomar med unntak av mot vegen (kommunen sin eigedom.) Dette er avklart med Masfjorden kommune ved Roald Kvingedal, ref. vedlegg Q01.

### **Utnyttingsgrad**

Ved utrekning av BYA er det medtatt 2x15 m<sup>2</sup> til parkering på terreng. % BYA vert då 17,58 % inkludert parkering.



### **Veg / Tilkomst / VA**

Det vert søkt om tilknytning til vatn og avløp parallelt med dette, søknad kjem direkte frå Hjemås VVS. Vegtilkomst fram til tomten er etablert, og avkjøring frå vegen vert etablert som del av tiltaket.

### **Tiltaksklasse og ansvarsrettar**

Etter vurdering av funksjonar og fagområde i tiltaket har ein lagt alt i tiltaksklasse 1. Det er søkt om sjølvbyggjar på innvendige arbeider, dette er kun «overflatearbeider» - den delen av tømrrarbeidet som inkluderer bærande konstruksjonar skal utførast av Kålås Bygg slik det framgår i gjennomføringsplanen.

### **Oppsummering og vurdering**


Det vert søkt om oppføring av fritidsbustad i tråd med arealformålet og reguleringsplanen for egedomen. Egedomen skal koplast til vatn og avløp samt få etablert avkjøring til offentlig veg i tråd med reguleringsplanen.

Tiltaket har gode visuelle kvalitetar og tilstrekkeleg med plass til at parkering er ivarettatt på eigen tomt og alle forhold omkring veg, vatn og avløp er avklarte. Vår vurdering er at tiltaket er i tråd med alle krav gitt i eller i medhald av plan og bygningsloven

Me vonar snarleg og positivt svar, skulle det vera behov for avklaringar er det velkomne til å ta kontakt på mail eller telefon.

Med vennleg helsing

**Kålås Bygg AS**

A handwritten signature in blue ink, appearing to read 'Lars A. Hagesæter'.

Lars A. Hagesæter  
Ansvarleg s kj r

